

Eivind Sagstad  
Sagstadvegen 135  
5918 Frekhaug

24. Oktober 2016

Meland Kommune  
v/Landbrukssjef Laila Bjørge  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

VEDLEGG TIL SØKNAD OM KJØP AV LANDBRUKSTEIG FRÅ 19/2

Jordbruksteigen som ønskes kjøpt er ein del av heimegarden på Indre Sagstad der slekta mi kjem frå. Min far fekk skild ut tomt her i 1964 og sidan 2000 har eg vore eigar av 19/34. Den tida det var drift på garden var me alltid med på slått og anna arbeid. Etter at drifta vart lagt ned har det vore beita og slått av andre brukarar. Siste 5 åra har eg og familien lagt ned mykje arbeid i rydding av frittveksande lauvskog og kratt, pussing av beite, bråtebrenning på våren og bekjempelse av ugras.

Då eg vaks opp var det drift på alle gardane rundt oss. Det er utrulig kjekt å sjå kor fint det er når jordstykkjene vert stelt. I dag har me heldigvis gode eksempel igjen på dette rundt oss.

Ved å kjøpa denne teigen ønskjer me å oppnå det same. Med nærheten til området fell det allereie naturleg for oss. Det eg også eit ønskje av noverande eigar. Me vil invistere i bruk og vedlikehald av jorda og ser det positive i å opprettholde eit levande kulturlandskap.

Me vonar på eit positivt svar!

Me vennleg helsing,



Eivind Sagstad

